

Årsmelding 2023

Skogselskapet i Sogn og Fjordane





Skuleskogdag på Kaupanger. Foto Maria Slinde



Skuleskogdag i Bergen sentrum

ÅRSMØTE TORSDAG 4. APRIL 2024 HUGS PÅMELDING

Vi kallar inn til årsmøte 4. april på Kaupanger. Årsmøtet startar med foredrag av Bernt-Håvard Øyen på ViteMeir, vitensenteret kl. 10.00.

Vil du delta må dagleg leiar, Ruben R. Bøtun, kontaktast, enten på e-post: ruben@skogselskapet.no eller telefon: 9576 1717 seinast 2.april.

Program for dagen:

- | | |
|---------------|--|
| Kl. 10.00 | Frammøte og enkel servering |
| Kl. 10.30 | Opning v/ styreleiar Terje Engvik |
| Kl. 10.40 | «Naturkrise eller kunnskapskrise? Trekk frå skogbrukshistoria på Vestlandet»
Fagforedrag av Bernt-Håvard Øyen |
| Kl. 11.30 | Informasjon om Vite Meir-senteret, med spesielt fokus på bruk av tre i bygget |
| Kl. 11.45 | Omvising på Vite Meir |
| Kl. 12.30 | Lunsj |
| Kl. 13.30 | Det norske Skogselskap. Presentasjon av konstituert direktør Karl Henrik Berke. |
| Kl. 14.00 | Årsmøtesaker |
| | 1. Val av møteleiar og to som signerer protokollen. |
| | 2. Årsmelding for 2023 |
| | 3. Rekneskap for 2023 |
| | 4. Val og fastsetjing av tillitsvaldegodtgjersler |
| | 5. Evt. innkomne saker |
| Ca. kl. 15.00 | Mogelegheit for synfaring av kjempeedelgran |

Vel møtt til årsmøtet!

Med helsing Sogn og Fjordane Skogselskap

Terje Engvik
leiar



SKOGSELSKAPET

STYRET

Leiar: Terje Engvik. Vald av årsmøtet
Nestleiar: Merete Larsmon, Bygstad. Vald av årsmøtet
Styremedlem: Anders Lorentzen, Leirvik. Vald av årsmøtet
Styremedlem: Tom Idar Kvam, Hafslø. Vald av årsmøtet
Styremedlem: Erlend Herstad, Naustdal. Oppnemnd av Vestland Fylkeskommune

VARAREPRESENTANTAR

1. Jakob Devik, Gloppen. Vald av årsmøtet.
2. Inge Rolf Torstad, Sogndal. Vald av årsmøtet.
3. Bjarte Buttedal, Førde. Oppnemnd av Vestland Fylkeskommune

VEDTEKTER FOR SKOGSELSKAPET I SOGN OG FJORDANE

Skogselskapet i Sogn og Fjordane har som føremål å fremje forståing av skogen sin mangesidige verdi og arbeide for eit godt skogbruk.

§ 2. Samansetning.

Skogselskapet i Sogn og Fjordane er samansett av:

- Direkte medlemmer.
- Støttemedlemmer som er lag, organisasjonar, institusjonar, kommunar, større skogeigedomar, bankar, verksemder og liknande, som gjennom ein årleg kontingent vil støtte Skogselskapet sitt arbeid.
- Æresmedlemmer.

Årleg betalande medlemmer som i to år etter purring ikkje har betalt kontingent, reknast ikkje lenger som medlemmer i Skogselskapet.

Skogselskapet i Sogn og Fjordane følgjer dei medlemskategoriane og kontingentsatsane som blir vedtekne i Det norske Skogselskap sitt landsmøte.

Skogselskapet i Sogn og Fjordane er tilslutta Det norske Skogselskap og samarbeider med dette. Medlemmer av Skogselskapet i Sogn og Fjordane er også medlemmer av Det norske Skogselskap.

§ 3. Administrasjon.

Skogselskapet vert leia av styret med hjelp av sekretær og anna administrativt personale. Skogselskapet sitt høgste organ er årsmøtet.

§ 4. Styret si samansetning.

Skogselskapet skal ha eit styre på fem medlemmer. Ein medlem med varamedlem er oppnemnd av Vestland fylkeskommune. Dei fire andre medlemene og varamedlemmer vert vald av årsmøtet.

Styret sine medlemmer har ei funksjonstid på tre år. Dei fire årsmøtevalde medlemene går ut av styret etter tur, to medlemmer er på val første år, dei to neste åra er eitt medlem på val.

Årsmøtet vel to varamedlemmer i prioritert rekkefølge for eitt år om gongen.

Styremedlemene kan veljast på ny for to periodar i styret. Når ein styremedlem er vald til leiar, reknast ikkje leiarperioden med i den ordinære funksjonstida.

Styret er vedtaksført når minst halvparten er til stades, mellom desse leiar eller nestleiar. Ved likt røystetal avgjer leiar si røyst saka.

§ 5. Gjeremåla til styret.

Styret tek vare på Skogselskapet sine interesser, tek hand om midlar og eigedomar og fremjer Skogselskapet sine føremål på tryggaste og best moglege måte.

Ved omdisponering eller sal av eigedomar (skog-eigedomar, planteskule eller annan fast eigedom) skal dette førebuast av styret for årsmøtet som gjer endeleg vedtak.

Styret tilset (eventuelt avset) selskapet sine funksjonærar, og fastset løn og instruks for arbeidet deira.

Styret kan velje eit arbeidsutval med styreleiar og nestleiar som sjølvskrivne medlemmer. Til å fremje føremålet til Skogselskapet kan styret oppnemne tillitsmenn (representantar for regionar, ein eller fleire kommunar).

Styret førebur årsmøtet, og legg fram for dette årsmelding og revidert rekneskap, dessutan oversikt over prioriterte oppgåver for det komande året.

Årsmelding og revidert rekneskap skal sendast til Det norske Skogselskap så snart årsmøtet er halde.

Styret skal utarbeide arbeidsplan og budsjett. Dette skal sendast til Det norske Skogselskap så snart det er klart.

Det skal førast møtebok over styret sine forhandlingar. Utskrift av møteboka sendast til Det norske Skogselskap så snart ho er godkjend av styremedlemene.

Den samla kollektive kontingenten for medlemene skal sendast forskotsvis til Det norske Skogselskap innan 20. april etter medlemsliste.

Skogselskapet skal i høve til utanforståande, t.d. på brevark, vise at det er tilslutta Det norske Skogselskap.

§ 6. Årsmøte

Årsmøte skal haldast kvart år til tid og stad som styret fastset. Årsmøtet skal gjerast kjend på god måte, og minst to veker i førevegen.

Årsmøtet skal leiast av ein vald møteleiar.

Skogselskapet sine direkte medlemmer, æresmedlemmer og støttemedlemmer, har røysterett på årsmøtet.

Styret sine medlemmer har ikkje røysterett når det gjeld årsmelding og rekneskap.

Årsmøtet skal:

- Velje møteleiar.
- Velje to til å skrive under protokollen saman med møteleiar.
- Handsame og gjere vedtak som gjeld styret si årsmelding.
- Handsame og gjere vedtak som gjeld Skogselskapet sin rekneskap.
- Velje medlemmer og varamedlemmer til styret, og velje leiar og nestleiar for eitt år mellom styret sine medlemmer.
- Velje revisor for eitt år.
- Velje utsendingar til Det norske Skogselskap sitt landsmøte.
- Velje valnemnd på tre medlemmer. Eitt medlem tre ut kvart år, første gong etter loddtrekking. Velje leiar for valnemnda.
- Handsame saker fremja av styret.
- Handsame innkomne saker.
- Utnemne æresmedlemmer.

Sakene vert avgjort med vanleg fleirtal. Står røystene likt, avgjer leiaren si røyst saka.

Saker som nokon ønskjer skal takast opp på årsmøtet må sendast inn seinast fire veker før årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte kan kallast saman når styret finn det naudsynt, eller når minst 1/3 av medlemene krev det.

Det skal førast møtebok over årsmøteforhandlingane. Møteboka skal underskrivast av møteleiar og to medlemmer som vert valde av årsmøtet blant dei som har møtt fram og har røysterett.

§ 7. Vedtektsendring og oppløysing.

Endring av desse vedtektene kan vedtakast på årsmøtet med 2/3 fleirtal. For å kunne handsamast på årsmøtet, må forslag til vedtektsendring sendast skriftleg til styret minst tre månader før årsmøtet. Skogselskapet sine vedtekter og alle seinare vedtektsendringar skal leggjast fram for Det norske Skogselskap for godkjenning.

Framlegg til oppløysing av Skogselskapet i Sogn og Fjordane skal leggjast fram for årsmøtet. Dersom forslaget oppnår 2/3 fleirtal, skal det leggjast fram for neste ordinære årsmøte for endeleg avgjerd med 2/3 fleirtal.

Dersom Skogselskapet i Sogn og Fjordane vert oppløyst, skal midlar og eigedomar tilfalle Det norske Skogselskap, og av dette nyttast til beste for skogbruket i Sogn og Fjordane.

§ 8. Verknadstidspunkt.

Desse vedtektene er vedtekne av årsmøtet i Skogselskapet i Sogn og Fjordane 9. mai 2023, godkjend av styret i Det norske Skogselskap 5. september 2023 og gjeld som vedtekter for Skogselskapet i Sogn og Fjordane frå same dato.

MELDING FRÅ STYRET 2023

ORGANISASJONEN

Skogselskapet i Sogn og Fjordane er tilslutta Det norske Skogselskap og skal etter føremålsparagrafen i vedtektene fremje forståing av skogen sin mangesidige verdi og arbeide for eit godt skogbruk. Planteskuleeigedom på 685 dekar på Brandsøy i Kinn er skogselskapet sin base og forretningsadresse.

MEDLEMMER

I 2023 fekk Skogselskapet i Sogn og Fjordane ein medlemstilgang på 106 medan 21 gjekk frå, der 13 av desse var døde. Ved utgangen av året var det 405 medlemmer, fordelt på 103 livsvarige, 300 ordinere medlemmar og 2 familiemedlemsskap. Det er netto framgang på 85 (26%). Vårt einaste æresmedlem, Olai Tefre gjekk bort april 2023.

STYREARBEIDET

Styret har halde 3 møte og handsama 25 saker. Det har vore arbeid med økonomioppfølging, vedtektsendringar, prosjektoppfølgjing, Borregårdsmidlar, samarbeid mellom skogbruket og skogselskapsorganisasjonen og eigedomsforvaltning.

TILSETTE

Skogselskapet i Sogn og Fjordane har ved utgangen av 2023 fire tilsette, to skogsvegplanleggarar i full stilling, dagleg leiar i full stilling og seniorrådgjevar i 50% stilling.

DET NORSKE SKOGSELSKAP

Landsmøtet i Det norske Skogselskap vert arrangert annakvart år. Det førre vart 1. juni 2022, og det var difor ikkje Landsmøte i 2023. Den 18.-19. oktober var det 125-årsfeiring av Det norske Skogselskap og Rådsmøte, der styreleiar deltok frå Skogselskapet i Sogn og Fjordane. Vidare har Det norske Skogselskap arrangert Teamsmøte for styreleiarane og for tilsette, der Skogselskapet i Sogn og Fjordane har vore representert. Arbeidet i skogselskapsorganisasjonen har no hovudfokus på sterkare fellesprofil med felles medlemssystem og medlemshandtering. Mot slutten av året kom det melding frå Det norske Skogselskap om at administrerande direktør Trygve Enger hadde sagt opp stillinga si. Skogselskapet er no i prosess for å finne etterfølgjaren hans.

REKNESKAPEN FOR 2022

Resultatrekneskapan er gjort opp med eit underskot på kr. 32.179, mot eit overskot på kr. 656.512 i 2022. Bokført eigenkapital ved utgangen av året var kr. 26.101.101. Ved nyttår var avkastinga på fondsplasseringane til Skogselskapet 12,1%.

EIGEDOMEN PÅ BRANDSØY

Eigedom på Brandsøy representerer ein stor ressurs for Skogselskapet i Sogn og Fjordane på fleire vis. Eigedom er ei grøn lunge utanfor byen, som genererer inntekter for skogselskapet gjennom utleige til golfbane og hestesport. Vidare er eigedom ein god base for å arbeide for måla og verdiane til skogselskapet. Med lokalisering nær Florø by, eigen skog, strandlinje og grøne aktivitetar på eigedom ligg tilhøva godt til rette for å drive informasjonsverksemd om skog og leggje opp til aktivitetar for unge. Det vart avverka 92 m3 tømmer med vindfall og anna massevirke.

PROSJEKTSATSINGAR

Prosjekt skogkulturmotivasjon 2023 vart gjennomført med Skogselskapet i Sogn og Fjordane som prosjektansvarleg. Hovudmålet med prosjektet er å auke arbeidet med skogkultur i fylket vårt. Arnt Laukeland var leigd inn og arrangerte skogdagar/kveldar. Vegplanleggarane, Svein Saure og/eller Ruben R. Bøtun var også aktiv deltakar på fagarrangementa. Det vart arrangert totalt 19 fagarrangement med eit deltakartal på 357. Skogselskapet planlegg vidareføring av prosjektet i 2024, i samarbeid med Skogselskapet i Bergen og Hordaland.

Prosjekt skogsvegplanlegging: Prosjektet hadde sitt sjette driftsår i 2023. Kapasiteten til planleggarane har vore fullt utnytta med planleggingsoppdrag i Vestland fylke, og det har vore leigd inn ein ekstra planleggar i løpet av 2023 for å arbeide med enkeltprosjekt. Det har vore halde fleire digitale prosjektmøte i lag med Statsforvaltaren for å følgje opp prosjektet. Den 18.-19. oktober deltok fire frå Skogselskapet på Fagsamling Veg i Bergen. Nytt i 2023 er fellesplanar i Stad og Hyllestad, Askvoll og Fjaler. Her har vegplanleggarane til Skogselskapet blitt nytta til å lage gode fellesplanar for skogeigarar, eit nytt prosjekt initiert av Statsforvaltaren i Vestland.

Prosjekt korte kurs i skogbruket: Med finansiering frå Vestland Fylkeskommune gjennomførte Skogselskapet i løpet av 2023 ein kursserie med aktuelle tilbod til skogeigarar og skoginteresserte. I denne perioden vart det gjennomført totalt 41 skogarrangement for 709 deltakarar. Fordelinga av kursa var som følgjer: 8 apteringskurs/kappekurs, 7 skogfondkurs, 15 PEFC kurs, 3 digitale skogkveldar for nye skogeigarar, 3 motorsagkurs for ungdom, 3 motorsagkurs for kvinner og 2 skogkveldar for kvinner. Det vart søkt om midlar til kurs i kalenderåret 2024, og vi vonar vi held fram med det høge aktivitetsnivået i det kommande året også.

Arrangement mot ålmenta: Det har vore arrangert 4 arrangement retta mot ålmenta/skuleklassar, fordelt på familiedagar og stubbekonsertar for om lag 430 deltakarar.

Elles vart det gjennomført 20 skuleskogdagar rundt om i fylket fordelt på regionane Sogn (7), Sunnfjord (4), Nordfjord (1), Hordaland (8) for ca. 477 skuleborn/elevlar.

Vestland Skognæringsforum: Skogselskapet mottok midlar frå Kystskogbruket for å vere sekretær i Vestland Skognæringsforum, som er ein interesseorganisasjon for skognærings på Vestlandet knytt til Skognærings Kyst SA. I august vart det gjennomført eit skogseminar, med ein politisk debatt med Stortings- og fylkestingspolitikarar, med om lag 100 deltakarar. Arrangementet vart gjennomført utandørs ved Hordaland Bioenergianlegg slik som i 2022. Elles deltek sekretæren på månadlege digitale informasjons- og drøftingsmøte i Skognærings Kyst. Skogselskapet i Sogn og Fjordane

var representert under Kystskogkonferansen og opning av Barøya tømmerkai i Nordland 23. mai med nestleiar Merete Larsmon.

SKOGSELSKAPET – VIDARE UTVIKLING OG SAMARBEID

Skogselskapet i Sogn og Fjordane er inne i ei god utvikling med fin auke i medlemstalet og solid økonomisk fundament for aktivitetane som vert drivne. Skogselskapet vonar å halde fram med den gode rekrutteringa også i 2023/24 og tek sikte på å føre vidare det næringsretta prosjektarbeidet til det beste for framtidsskogen og næringsutøvarane, spesielt med fokus på skogkultur og opplæring av plantearbeid. Vi vil også satse på å hjelpe ungdommar i regionen til å arbeide i skogen som sommarjobb. Vi vil halde fram med aktiviteten over heile Vestland fylke og samarbeide godt innan skogselskaps-familien. Ut mot ålmenta vil vi halde fram med tilboda til familiar og born og unge.

Sunnfjord, 29. februar 2024


Terje Engvik


Merete Larsmon


Tom Idar Kvam


Anders Lorentzen


Erlend Herstad



Erlend Herstad, Merete Larsmon, Anders Lorentzen, Terje Engvik og Tom Idar Kvam.

RESULTATREKNESKAP PR. 31.12.2023

SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP

INNETEKTER	2023	2022
Diverse tilskot	57 250	40 292
Plantesimal	39 967	7 470
Sal av diverse utstyr	80 090	25 040
Sal av tenester	237 207	259 788
Tilskot til prosjekt	3 859 884	3 392 678
Festeavgift	150 000	120 000
Diverse leigeinntekter	427 774	362 825
Medlemspengar	63 825	45 959
Info-avgift	8 225	7 525
Momskompensasjon	9 474	39 898
Kursavgift	147 300	13 450
Diverse inntekter	1	2 284
Sum inntekter	5 080 997	4 317 209
UTGIFTER		
Løn, administrasjon m.m.	3 264 168	2 903 297
Plantekjøp	12 344	6 381
Innkjøpte tjenester/varer til prosjekt	1 193 738	450 947
Stubbekonsert	49 378	0
Straum, eigedomsskatt, forsikringar	176 268	149 637
Verktøy, rekvisita, vedlikehald	267 524	58 761
Vedlikehald uteareal	90 812	7 989
Kontingent DnS	30 200	27 200
Avskrivningar	61 680	61 680
Andre driftskostnadar	142 820	74 723
Sum andre driftskostnadar	2 024 764	837 318
Sum driftskostnadar	5 288 932	3 740 615
Driftsresultat	-207 935	576 594
Finansinntekter og finanskostnadar		
Renteinntekter	150 875	54 748
Utbytte	7 401	8 949
Verdiauke aksjar	17 480	18 584
Verdireduksjon aksjar	0	-2 359
Netto finanspostar	175 756	79 922
Resultat Sogn og Fjordane Skogselskap	-32 179	656 516
Sal av industritomt	0	22.023.900
Overføring til/frå eigenkapital		
Resultat overført eigenkapital	-32 179	656 516
Sum overføringar	-32 179	656 516

BALANSE PR. 31.12.2023

SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP

EIGEDELAR	2023	2022
Anleggsmidlar:		
Maskiner, traktor Brandsøy Planteskule pr.01.01.	106 680	
- avskrivningar	61 680	45 000
Brandsøy Planteskule, tomt m.m.	299 948	299 948
Sum anleggsmidlar	344 948	406 628
Omløpsmidlar		
Kundefordringar	625 459	532 708
Til gode skogfond	7 908	6 767
Andelskapital AT Skog	5 291	5 291
Aksje- og rentefond	20 196 000	20 196 000
Aksjar Skogbrukets Konferansesenter AS	118 238	115 368
Aksjar Ytre Sunnfjord Holding AS	101 301	86 691
Bank	5 280 131	5 630 083
Sum omløpsmidlar	26 334 328	26 572 908
Sum eigedelar	26 679 276	26 979 536
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital:		
Eigenkapital pr. 01.01	26 133 280	
Årets resultat	-32 179	26 101 101
Sum eigenkapital	26 101 101	26 133 280
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	107 696	38 127
Offentlege trekk og avgifter	161 983	155 484
Anna kortsiktig gjeld	308 496	452 645
Avsett tilskot	0	200 000
Sum kortsiktig gjeld	578 175	846 256
Sum eigenkapital og gjeld	26 679 276	26 979 536

Brandsøy 29. februar 2024


Terje Engvik


Tom Idar Kvam


Merete Larsmon


Erlend Herstad


Anders Lorentzen

Revisjonsmelding

Sogn og Fjordane Skogselskap

Underteikna har gjennomgått rekneskap med tilhøyrande lister og bilag for Sogn og Fjordane Skogselskap, Brandsøy Planteskule, Brandsøy Planteskule eigedom, og Prosjekt veiplanlegging

Rekneskapa er gjort opp med eit underskot på kr 32 179,-

So langt vi ser er rekneskapa ført etter dei reglar som gjeld og etter god rekneskapskikk.

Vi kan tilrå at framlagt rekneskap vert vedteken som Sogn og Fjordane Skogselskap sitt årsresultat for 2023

Mo 16 02. 2024.

Jarl Henrik Devik
Jarl Henrik Devik

Leif Magne Aarnes
Leif Magne Aarnes

BORREGAARDS SKOGREISINGSFOND

Fullplanting, med lån frå Borregaards Skogreisingsfond, er avslutta.

Kring 46 000 daa kulturskog av gran er planta til med lån frå fondet, og samla lånesum var 1,7 mill. kr.

Ved førre årsskifte var samla lånesum kr 402.420 fordelt på 51 lån.

Behaldning rentemidlar då året tok til var kr 413.749,08. Renteinntekta for året var kr 827,-.


Behaldninga ved årets slutt var kr 414.576,08.

Det har ikkje vore utbetalingar frå fondet i 2023.

AKTIVITETS RAPPORT FRÅ BRANDSØY 2023

Med ei stadig veksande medlemsmasse og mange prosjektsatsingar er det full aktivitet året rundt for Skogselskapet i Sogn og Fjordane. Hovudaktivitetane har vore arrangering av skogarrangement der målet er å auke kunnskapen både til skogeigarar, skogfunksjonærar og ålmenta.

Totalt har Skogselskapet i Sogn og Fjordane arrangert 88 arrangement i løpet av 2023 med om lag 2000 deltakarar i nesten heile Vestland fylke. Kartet syner dei kommunane der Skogselskapet har arrangert ein skogdag eller skogveld.



SOMMARAKTIVITETAR

I løpet av sommarhalvåret vart det arrangert 3 stubbekonsertar med familieaktivitet i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord, med til saman 230 deltakarar.



Stubbekonsert med familiedag i Dale.

VESTLAND SKOGNETTVERK

Dagleg leiar fungera som sekretær for Vestland Skognettverk, ein interesseorganisasjon for skog- og trenæringa i fylket. Skognettverket har arrangert bedriftsbesøk og årsmøte i juni i tillegg til eit større skogseminar på Voss med 100 deltakarar og 8 fylkestingpolitikarar som diskuterte skogpolitikk 28. august, rett før kommune- og fylkestingsvalet.



SKOGARRANGEMENT FOR SKOGEIGARAR

Innsatsen på korte kurs i skogbruket, skogkulturprosjekt og skogsvegprosjektet har haldt fram i same tempo som tidlegare år, og det har ført til fleire skogdagar for skogeigarar, og fleire planlagde og bygde skogsbilvegar i fylket. Med stønad frå kommunar, fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland har det vore mogeleg å halde den høge aktiviteten opp. Skogselskapet har stor tru på at den høge aktiviteten vil bidra til eit godt skogbruk i fylket. Instruktør Arnt Laukeland har blitt leigd inn for å stå for mykje for faginnhaldet på skogarrangementa.

I 2023 vart det arrangert 60 skogarrangement for over 1000 skogeigarar/skoginteresserte gjennom Korte Kurs og Skogkulturprosjektet.



Arnt Laukeland under skogarrangement i Ullensvang.

Eigedomen

Det har vore eit ynskje om å få rydda opp etter planteproduksjonen som vart nedlagt for nokre år sidan. I løpet av våren fekk me samla eit handballag som fekk starta med opprydding etter planteproduksjonen. Eit heilt veksthus med gamle plantebrett blei rydda, og om lag 14.000 brukbare plantebrett blei selt til andre planteskular i Noreg.

Det var planlagt å måle heile driftsbygninga i løpet av sommaren, men grunna utfordrande vær vart ikkje arbeidet ferdig, og det er planlagt å måle resten av bygninga våren 2024. Det er gjort nokre utbetringar med blant anna utelys på driftsbygninga.

Leira, som ligg like ved eigedommen vår er regulert som offentleg badeplass, og det vart etablert ein parkeringsplass vinteren 2023, med planar om å vidareutvikle denne badeplassen slik at den blir meir brukt av lokalbefolkninga og besøkande.

Inni driftsbygninga har golfklubben oppgradert loftet med golfsimulator og starta på arbeidet med klubblokale for sine medlemmar. I samband med dette har det blir rydda ein del innandørs.



Frå dugnad i mai.

KONTAKT MOT SKULAR OG ÅLMENTA

Det vart gjennomført 13 skuleskogdagar på våren for om lag 259 elevar. På hausten blei det gjennomført 8 skuleskogdagar for 218 elevar. Totalt 21 skuleskogdagar for 477 elevar. Det var som regel 5.klasse som hadde skuleskogdagar, men me besøkte skuleklassar heilt frå 1.klasse til folkehøgskuleelevar.

Den 4. september var det den nasjonale plantedagen, der Skogselskapet i Sogn og Fjordane hadde med seg skuleklassar frå Stavang skule og Florø ungdomsskule for å plante skog i sine nærområde. Dette i godt samarbeid med Kinn kommune.

På seinhausten vart folkehøgskular og vidaregåande skular i fylket besøkt for å formidle om utdanning- og karrieremoglegheiter i skogbruket på Vestlandet.



Frå plantedagen med Stavang skule.

SKOGSVEGPROSJEKTET

Skogselskapet er prosjektansvarleg Skogsvegprosjektet som i hovudsak er finansiert av Statsforvaltaren i Vestland.

I vegprosjektet har det blitt jobba med til saman 69 ulike vegprosjekt i Vestland fylke. Her tilbyr skogselskapet gratis rettleiing for skogeigarar som er interesserte i å bygge skogsbilveg for å drive skogen. I tillegg har vegplanleggarane jobba med fellesplanar i Stad og Hyllestad, Fjaler og Askvoll kommune. Våre to vegplanleggarar Guri Tyssebotn og Asle Lyslo tilbyr rettleiing til planlegging av skogsbilveg i heile Vestland fylke. Me har også leigd inn vegplanleggar Egil Devig frå Sunnfjord til enkeltprosjekt



Guri Tyssebotn og Asle Lyslo.

SKOGKULTURPROSJEKT OG KORTE KURS

Gjennom skogkulturprosjektet vart det arrangert 19 skogdagar med 357 deltakarar over heile Vestland fylke. Prosjektet har som mål å auke motivasjonen til skogeigarar for å drive med skogkultur, både skogplanting og ungsogpleie. Tilbakemeldingane frå prosjektet har vore positive, og det verka som det er

ei auka forståing for skogkulturarbeidet i skogen etter skogarrangementa.

I løpet av 2023 vart det arrangert 41 skogarrangement for 709 deltakarar gjennom prosjektet Korte Kurs, som har som mål å auke kunnskapen om skog og skogbruk i fylket. Tema på kursa varierer etter etterspørsel, og i 2023 vart det gjennomført mange PEFC kurs og kappekurs. I tillegg vart det arrangert skogkveldar for kvinner, noko som viste seg å vere svært etterspurt i Sogn. I november vart det arrangert ein innovasjonskveld om ressursutnytting i utmarka/landbruket ilag med Bondelaget, med over 100 damer til stades.



SKOGSDRIFT

Det vart avverka 92 m3 sitkagran i 2023, som var eit resultat av vindfall. Dette vart selt som massevirke til ein verdi av om lag 21.000 kroner.

MiljøavdelingahjåStatsforvaltaren i Vestland tok kontakt med oss om eit ynskje om å fjerne vestamerikansk hemlokk frå Brandsøyåsen. Skogselskapet tok på seg



oppdraget og nytta samtidig høve til å drive kurs i motorsag for ungdom, der ungdommane fekk øve seg med fjerning av vestamerikansk hemlokk

DRIFT AV EIGEDOMEN

Utleige: Vi leiger ut areal til Sunnfjord Hestesportsenter, Florø Golfklubb og to mindre leigetakarar i område. Det arbeidast stadig med å vidareutvikle område, for å legge til rette for dei som allereie leiger areal, men også dei som nyttar område til rekreasjon.

Våningshuset er bortleigd, og i driftsbygninga leiger golfklubben ein del areal, Kinn kommune eit arbeidsrom, resten er nytta til eige drift og utleige av lageropphald.

PLANTELEVERING

I 2023 leverte me totalt 10.070 planter, fordelt på 4000 gran 3530 furu, 1120 låglandsbjørk, 770 fjelledelgran, 530 sibirsk lerk og 120 svartor.

MØTER OG SAMLINGAR

Det var ikkje lagt opp til fysisk medlemsmøte i 2023, men vonar me skal få til det i løpet av 2024. Det vart arrangert fleire medlemsmøte i samband med grunnkurs i skogbruk.

Elles har dagleg leiar delteke på månedlege digitale møter med Det norske Skogselskap og andre fylkeslag. Dagleg leiar deltok på tilsettesamling i Kongsberg i mai/juni, ilag med andre tilsette frå andre fylkesskogselskap. I løpet av hausten vart dagleg leiar valt i styret i Det norske Skogselskap, som representant for dei tilsette. Styreleiar deltok på rådsmøte og jubileumsfeiring i oktober.

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET I SKOGSELSKAPET I SOGN OG FJORDANE PÅ GLOPPEN HOTELL, SANDANE, 9. MAI 2023 KL. 12.00.

I alt deltok 30 personar på årsmøtet. Før årsmøte-arrangementet starta på Gloppen Hotell, var deltakarane inviterte til synfaring i Trivselsskogen på Sandane. Karoline Bjerkeset og Lindis Østgård frå Gloppen kommune orienterte om det imponerende anlegget.

Styreleiar Terje Engvik ynskte velkomen til årsmøte. Sidan førre årsmøte hadde vår einaste æresmedlem og tidlegare styreleiar Olai Tefre gått bort. Terje Engvik heldt minneord, og det vart markert med eit minutts stillheit.

Presentasjon av administrerende direktør i Det norske Skogselskap, Trygve Enger:

Enger gjekk kort gjennom historikken til Skogselskapet, deretter orienterte han om 125 års jubileum som blir 18. oktober med fagdag og middag, før råds møte 19. oktober. Enger vektla Skogselskapet si rolle som nøytral instans i skogbruket, med å vise til fakta og ha ei objektiv framstilling. Gjeldande satsingsområde for Skogselskapet er skog og klima, skog og helse og skog og skogbruk. Etter innlegget kom det innspel frå medlemmar der ein vektla tett samarbeid mellom Skogselskapet og kommunar og kunnskapsformidling til dei som ikkje er ein del av skogbruket.

SAK 1 – OPNING

Det var ingen merknadar til innkalling og saksliste. Terje Engvik vart vald til møteleiar, Ruben R. Bøtun til referent. Til å skrive under protokollen vart Hans Arne Vikheim og Arnt Hovland Munthe valde.

SAK 2 – ÅRSMELDING FOR 2022

Årsmeldinga vart sendt ut ilag med innkallinga før påske, og styremeldinga vart gjennomgått av Terje Engvik. Året syner framleis ei auke i medlemsmassen, som er gledeleg for Skogselskapet. I årsmeldinga står fondplasseringa oppført med negativt resultat pr. 31.12.2022 på -2,2%, men Engvik orienterte om eit positivt resultat pr 8.5.2023 på 6,8%.

Etter gjennomgangen heldt Ruben Bøtun ein presentasjon om arbeidet i Skogselskapet i Sogn og Fjordane, både for 2022 og så langt i 2023. Det vart informert om høg aktivitet med skogdagar, meir innsats på skuleskogdagar, arbeidet med opprydding etter planteproduksjonen og planane om småskala planteproduksjon.

Dagleg leiar har også sekretær-rolla i Vestland Skognæringsforum, og arrangerte skogseminar med

politisk skogdebatt i Voss 14. november 2022. I år er det planar om eit nytt skogseminar og politisk skogdebatt måndag 28. august. Skognæringsforumet er eit organ i Kystskogbruket, og har eit mål om å auke verdien på skognæringa i Vestland.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

SAK 3 – REKNESKAP FOR 2022

Terje Engvik gjekk gjennom hovudtal frå rekneskapen. Anders Hestad refererte revisjonsmeldinga. Rekneskapen synte eit overskott på kr. 656.516.

Etter orienteringa følgde spørsmålsrunde og debatt med innlegg frå Arnt M. Paulen, Leiv Sølvsberg og Halvor Brosvik.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

SAK 4 - VAL OG FASTSETJING AV TILLITSVALDE-GODTGJERSLER

Innstillinga frå valnemnda vart opplesen av Magnus Moe og vala gjennomførte av møteleiaren.

Styreleiar: Attval på Terje Engvik
Nestleiar: Attval på Merete Larsmon
Styremedlem: Attval på Anders Lorentzen
Varamedlem: Attval på Jakob Devig og
2.vara Inge Rolf Torstad

Revisorar: Attval på Jarl Henrik Devik. Anders Hestad stilte ikkje til attval, og Leif M. Aarnes var vald som ny revisor.

Ingen bad om ordet i samband med vala, og kandidatane som valnemnda hadde gjort framlegg om, vart valde ved akklamasjon.

I valnemnda går Arne Kristian Borger ut etter 4 års funksjonstid, og årsmøtet foreslo Mette M. Heiberg som ny medlem i valnemnda. Ho takka ja og vart samrøystes vald.

Etter vala på årsmøtet har styret denne samansetninga: Terje Engvik, leiar (på val som styremedlem i 2025)
Merete Larsmon, nestleiar (på val som styremedlem i 2025)
Anders Lorentzen, styremedlem (på val som styremedlem i 2026)
Tom Idar Kvam, styremedlem (på val som styremedlem i 2024)
Erlend Herstad (oppnemnd av fylkeskommunen)



Årsmøte 2023.

Varamedlemmer (på val kvart år):

- 1.vara: Jakob Devik
 - 2.vara: Inge Rolf Torstad
- Personleg varamedlem for Erlend Herstad:
Tore Fossen (oppnemnd av fylkeskommunen)

Valnemnda er etter vala sett saman av: Magnus Moe (leiar), Arnt Magne Paulen og Mette M. Heiberg.

SAK 5 – VEDTEKSENDRINGAR – MEDLEMSKATEGORIER OG KONTINGENTSATSAR FOR 2024

Terje Engvik orienterte om saka og refererte til saksdokumenta som vart sendt ut 25. april. Det er to endringar, i hovudsak kontingentsatsane for å samkøyre

oss med alle andre fylkeslag og namneendring frå Sogn og Fjordane Skogselskap til Skogselskapet i Sogn og Fjordane.

Det kom innspel om å justere namnet i § 8 til Skogselskapet i Sogn og Fjordane.

Endringane vart samrøystes godkjent.

SAK 6 – EVT. INNKOMNE SAKER

Ingen inkomne saker.
Terje Engvik nytta høvet til å takke Anders Hestad for innsatsen som revisor over mange år.


Hans Arne Vikheim


Arnt Hovland Munthe


Terje Engvik


Ruben Bøtun

Skogbruket i Sogn og Fjordane

2023

FYLKESMANNEN I VESTLAND

KONTAKTPERSON

E-POST

Dirk Kohlman	fmhodkt@statsforvalteren.no
Gro Kamp Hansen	grkha@statsforvalteren.no
Torkel Hofseth	fmsftmh@statsforvalteren.no
Torleif Skage	tskag@statsforvalteren.no
Torgrim Østgård	toost@statsforvalteren.no
Turid D. Eikås	fmsftdi@statsforvalteren.no

KOMMUNE

KONTAKTPERSON

EPOST

Askvoll, Fjaler, Hyllestad	Kenneth Aaland	kenneth.aaland@askvoll.kommune.no
Bremanger	Bjørn H Marthinussen	bhm@bremanger.kommune.no
Gloppen, Stad	Karoline Bjerkeset	karoline.aldis.bjerkeset@gloppen.kommune.no
Kinn	Magnus Frøyen	magnus.froyen@kinn.kommune.no
Luster, Årdal, Lærdal, Aurland	Arne Kristian Borger	arne.kristian.borger@luster.kommune.no
Sogndal	Finn Olav Myhren	finn.olav.myhren@sogndal.kommune.no
Solund, Gulen	Kenneth Kidøy	kenneth.kidoy@gulen.kommune.no
Stad	Trine Alme	trine.alme@stad.kommune.no
Stryn	Sigbjørn Rolandsen	sigbjorn.rolandsen@stryn.kommune.no
Sunnfjord	Henning Malones	Sverre.Henning.Malones@sunnfjord.kommune.no
Sunnfjord	Oddbjørn Sellevoll	Oddbjorn.Kare.Sellevoll@sunnfjord.kommune.no
Vik	Morten Fosse	12perfos@sogndal.kommune.no

ÅRSMELDING FOR SKOGKULTUREN I SOGN OG FJORDANE 2023

Skogkulturaktiviteten hadde i 2023 ein liten nedgang samanlikna med 2022, som i førre årsmelding blei omtala som eit rekordår for skogkultur i Vestland. Nyplantingstal og ungskogpleie gjekk ned noko, og for heile fylket blei det satt ut 1 456 060 planter i nyplanting, 71 895 planter i supplering mot høvesvis 1 586 299 og 74 755 planter førre året. Areal med ungskogpleie passerte så vidt 1000 daa i 2023 mot 1456 i 2022.



Plantefelt frå Kaupanger.

For Sogn og Fjordane utgjorde nyplanting og suppleringsplanting knapt 657 000 planter, nesten 100 000 planter færre enn i 2022. Men det blei satt ein ny rekord på markriving i gamlefyllket på 611 daa i 2023, i all hovudsak på Kaupanger. Næraste samanliknbare tal eg har funne på markriving var i 1996 med 570 daa, eit år det var fokus på markriving jamfør årsmeldinga til Skogselskapet. Markrivinga på Kaupanger blei gjort noko seint då nokre av konglane hadde opna seg og sleppt frøa, men tal frøtre og utføringa av arbeidet såg bra ut, så det blir spanande å sjå om det spirer i flekkane med små furuplanter.



Markriving på Kaupanger.

Furuhogsten har auka betydeleg dei siste åra, drive av gode prisar, spesielt på sekunda sagtømmer som tyskarane kjøper så mykje dei kan av. Frå å ha lege på rundt 4-5000 m³ furutømmer årleg i Sogn og Fjordane så har avverkningsnivået både i 2022 og 2023 lege på omtrentleg 20 000 m³. Snittprisen i fjor på alt furutømmer var på 492 kr/m³. Nortømmer engasjerte ein entreprenør frå Hardanger på furuhogsten på Kaupanger, og han var imponert over slik furuskog og kunne rapportere om eit snitt på 35 m³/daa og særst høg produksjon på maskinane i godt terreng.

Ungskogpleie er eitt av klimatiltaka i skogen som gjer nytte når det gjeld ein sterk og sunn framtidsskog og binding av CO₂. Alle fylka peiker på at dette tiltaket har eit stort potensiale, men at vi ikkje når ut til alle skogeigarar med budskapet. Eg håpar 2024 bryt rekorden frå 2022. Næringsaktørane i Vestland har eit mål om til saman 2000 daa ungskogpleie med sine innleigde sesongarbeidarar. Det blir òg spanande om Skogselskapets prosjekt JOB:U slår til, og lokal ungdom får svinga ryddesaga i 2024. Forvaltninga er positiv til eit slikt tiltak.

Innsatsfaktorane i skogkulturen har opplevd ein kostnadsauke, og vi har fanga opp under møte med næringa at små fragmenterte skogeigedomar som vi har i vår geografi har sin pris i rasjonell logistikk. I praksis kan vi oppleve at små skogkulturjobbar blir for kostnadskrevjande for dei profesjonelle arbeids-gjengane som utfører sesongoppdrag for tømmer-aktørane. Å kunne etablere lokal arbeidskraft for å drive med skogkulturoppdrag hadde vore særst positivt for omdømet til skogbruket, og eg trur mange skog-eigarar vil vere meir positive til å setje vekk skogskjøtsel til lokal arbeidskraft, spesielt ungdommar.

Manglande dekning på skogfondskontoar er ein avgrensing på auka ungskogpleieaktivitet. Viss vi

legg til grunn at alle nyplantingar i Vestland mellom 2010 og 2016 skal ungsogpleiast, er det berre 41 % av skogeigarane som har nok på skogfondskontoen, på berre 23 % av arealet. Forutsetningane er kostnad 800 kr/daa og gjeldande tilskotsats i kommunane, ofte rundt 60 %. Difor har vi bede næringsaktørane ha auka fokus på skogfondstrekk. Vi sjekka ut alle foryngingshogstar i 2023 med udekte investeringar og fekk dermed ei liste med skogeigarar som hadde trekt for lite skogfond på tømmerhogsten i 2023. Ein skogeigar frå Fjaler blei særst glad då vi tipsa om å betale inn ekstra på skogfondet før fristen i byrjinga av februar no i år, såkalla ekstra innbetaling skogfond på virke omsett i 2023. Ei innbetaling på 150 000 kr på skogfondet til å dekke eigenandel på veg og skogkultur vil nok spare vedkommande for nesten 50 000 kr i redusert skatt. Skogfond kan vere vanskeleg å setje seg inn i, så her er vi avhengig av gode faglege råd til skogeigar og vi vil fylgje dette opp framover.

I 2023 var det også sett ut borkbillefellar på Vestlandet som eit pilotprosjekt i regi av NIBIO. Desse blei satt opp i ein gradient frå Valdres over Filefjell mot Sognefjorden og tømte regelmessig gjennom sumaren. Det blei gjort funn av stor granborkbille i fellane rundt Sognefjorden som betyr at ein viss populasjon er til stades. Vidare undersøking av indre fjordstrok kan bli neste steg for å lære meir om stor granborkbille i våre område, det er i alle fall inga grunn til bekymring så langt. Men endra klima og meir tilgjengeleg gammal granskog gjer at vi må fylgje med.

Under ein skogdag i Kaupanger i mai blei det observert skade og misfarging på lerketre i området. Prøver blei sendt inn til NIBIO med svar at det var lerkeseekkmøll. Dette er ein sjeldan skadegjerar på skogen i Noreg sidan han vanlegvis angrip europeisk lerk, unntaksvis andre lerkertar og douglasgran. Angripne tre dør sjeldan, men høgde og tilvekst kan minke mellomtids.

Utfordringar og vidare arbeid i skogkulturen vil vere å forsetje arbeidet med lokale forsøk på overleving. Vi er i kontakt med NIBIO for å gjere fleire lokale forsøk og pottebrett med 24 hol og rotvolum på 150 cm³ (dobbel så mykje som M60). Ein overgang til bruk av 100 % M60 på all planting i Vestland er ønskeleg frå vår side og næringsaktørane er på ballen. Blant anna Fjordtømmer håper å ha all planting frå og med 2026 som M60.

PROSJEKT STORE PLANTER 2022 - 2024

Prosjekt store planter har gjennomgått 2 vekstsesongar og førebelse resultat presenterast her.

I prosjektet er totalt 1650 plantar av plantetypane M95, M60, SA100 utplanta i fleire forsøksfelt spreidd rundt om i Sogn og Fjordane. Sjå tabell 1 og 2.

Plantetype	Berge	Senneset	Bygstad	Hafslo	Kusslia	Viksdalen	Breim	Totalt
M95	75	75	75	75	75	75	75	525
M95 - lang lagring	75	75	75	75	75	75	75	300
M60	75	75	75	75	75	75	75	525
SA100	75	75	75	75	75	75	75	300
	300	300	300	300	150	150	150	1650

Tabell 1: Oversikt over totalt tal planter som inngår i prosjektet og som blei planta våren 2022.

Alle plantene er 2-årige og kjemisk behandla mot snutebille med Imprid Skog. Dei er dyrka hos Skogsplanter Øst på Biri og proveniensen er Sanderud. M95 og M60 er vanlege og kjende plantetypar. Grunna stor tilgang til M95-planter er «M95 – lang lagring» planter som er mellomlagra 3 veker lenger enn dei andre for å sjå korleis ei «stressa» plante vil reagere i forhold til dei andre i same feltet. SA100 er eit svensk pottebrett med opne sliisar i potta slik at finrøtene luftskjerast. Alle felte var nyhogde og hadde sin fyrste vekstsesong i 2022.

Plantetype	Rotvolum	Tetthet	Sådato	Prikkedato	Høyde (cm)	Diameter (mm)
M95	50cc	760 per m ²	18.08.2020	27. - 29.04.2021	16,0	24,9
M 95 lang lagring	50cc	760 per m ²	18.08.2020	27. - 29.04.2021	16,4	26,9
M60	75 cc	480 per m ²	25.05.2020	15.07.2020	28,1	33,5
SA100	81 cc	675 per m ²	10.06.2020	01. - 04.08.2020	28,3	28,5

Tabell 2: Spesifikasjonar per plantetype. Høgde og diameter er gjennomsnittsmålingar ved utplanting i uke 17 (og uke 20 for M95 – lang lagring)

Plantene blei diameter- og høgdemålt vår og haust i 2022 og 2023. Skadegrad relatert til snutebille er bestemt visuelt etter skala 0 (ingen gnag) 5 (død grunna gnag) ved kvar måling. Annan dødsårsak er òg registrert.

Felt	Plantetype	Død grunnet snutebille (%)	n =			
Berge	M95	15	39	Total dødelighet felt med 4 plantetyper		
	M95 lang lagring	8	39			
	M60	6	21			
	SA100	13	32			
Totalt Berge					141	
Senneset	M95	93	73			
	M95 lang lagring	77	71			
	M60	61	66			
	SA100	80	71			
Totalt Senneset					281	
Bygstad	M95	91	45			
	M95 lang lagring	76	42			
	M60	62	29			
	SA100	81	42			
Totalt Bygstad					158	
Hafslo	M95	84	73		Total dødelighet felt med 2 plantetyper	
	M95 lang lagring	43	72			
	M60	8	59			
	SA100	71	72			
Totalt Hafslo				276		
Kusslia	M95	39	70			
	M60	24	70			
Totalt Kusslia				140		
Viksdalen	M95	86	69			
	M60	47	51			
Totalt Viksdalen				120		
Breim	M95	94	54	Total dødelighet felt med 2 plantetyper		
	M60	77	60			
	Totalt Breim		114			
				M95		77 %
				M95 lang lagring		54 %
				M60	35 %	
				SA100	67 %	
				M95	71 %	
				M60	48 %	

Tabell 3: Andel i prosent av planter daude grunna snutebille per haust 2023. Dvs. at andre dødsårsaker er utelatne. Òg planter som er blitt beita på av hjort (totalt n=287) og som samtidig har snutebilleskadar i kategori 5 (daud) er ikkje med i tabellen.

	Gj.snitt høgde haust 2022 (cm)	Gj.snitt høgde vår 2023 (cm)	Differanse (cm)	n=
M95	22,8	12,4	-10,4	77
M95 lang lagring	24,9	14,0	-10,9	55
M60	32,2	22,8	-9,4	85
SA100	35,3	23,4	-11,9	70
				287

Tabell 4: Hjortebeiting på planter og forskjell i høgde frå registreringar gjort hausten 2022 til våren 2023.

Kommentarar til førebelse resultat:

Denne rapporten er ikkje utfyllande med figurar og tal, så nokre henvisningar og funn blir diskutert med bakgrunn i slik datasettet er per no. Generelt er det høg dødelegheit grunna gnag av snutebille i alle felt utanom Berge i Høyanger. Meir avgang kan forventast hos alle plantetypane i 2024, då fleire planter etter registrering haust 2023 har status «hardt skadd» og «livstruande skadd». Det blei gjort observasjonar av næringsgnag av snutebille så seint som oktober i fjor haust enkelte stader, noko som tyder på at det er ein lang sesong i kyststrøka der ei plante må kjempe mot snutebillene. Som tabell 3 viser er det forskjell mellom plantetypane når det gjeld dødelegheit grunna gnag av snutebille. Det er ikkje gjort noko statistiske analysar endå av plantetype (uavhengig variabel) og rothalsdiameter, høgde, tilvekst og skadegrad (responsvariablar).

Ein interessant observasjon er at nokre planter som har døydd av snutebillegnag har «vakna til liv att» ved at nytt skot frå frøbladpunkt har kome opp frå bakken. M60-planterne skil seg ut frå dei andre plantetypane då denne planta i større grad set nye skot. Total dødelegheit grunna snutebille for M60 på alle felte per no er 42 %, men tek ein inn att dei plantene som har vakna til liv så er dødelegheita 31 %. Dei nye skota er også i fare for å bli ringbarka av snutebilla så vi har ikkje fasiten endå. For dei andre plantetypane er det minimal endring i dødelegheita då få planter har sett nytt skot.

Tabell 4 viser kor mykje av planta som går i hjortekjeften då høgdeforskjell mellom haust 2022 og vår 2023 er registrert. Totalt 287 av plantene er beita på av hjort, det vil seie 17 % av plantetalet i forsøket. Det er observert ekskrement av hjort i alle felte. I Bygstad er nokre plantar skada av bufè som braut seg inn i hogstfeltet sumaren 2022 (pers.med M. Larsmon), desse er teke ut av datasettet. Resultata viser at omtrentleg 10 cm går inn i hjortekjeften uansett plantetype, men ei høg plante vil ha att eit større produksjonsapparat etterpå. Status hausten 2023 er at 128 hjortebeita planter er daude, ca 45 % (128 av 287). Årsak til dette kan diskuteras, men ein kombinasjon av hjortebeiting og snutebillegnag på gjenståande del av planta gjer at belastninga blir for høg. Vi fortset registreringar i 2024, og så får vi sjå om

det føreligg ein skilnad mellom plantetypane. Totalt 60 planter er nappa opp/trakka i hjel av hjort, dvs mellom 3 og 4 % av plantene i forsøket.

Andre dødsårsakar utgjør 1 %. Desse plantene er vurdert å ikkje ha nok gnag til at snutebille utgjør dødsårsaka. Nokre av desse døydde ikkje lenge etter utplanting og kan dermed ha hatt med seg sjukdommar.

Når det gjeld dei langtidslagra M95-planterne så syns både vi og NIBIO at det er overraskande med lav dødelegheit i forhold til vanleg M95, 54 % og 77 %. Vi trudde desse plantane skulle vere såpass svekka at dei hadde mindre å stå imot når snutebilla byrja næringsgnaget sitt. Ein faktor er at den forseinka utplantinga kan ha spart dei for nokre veker med næringsgnag. Samanlikna med vanleg M95 så er skadegraden i gjennomsnitt lågare for dei langtidslagra M95 gjennom alle registreringsperiodane. Hadde prosjektet også sett på gnageareal på kvar plante så kunne vi kanskje sett forskjellar, men dette hadde vore ekstremt tidkrevjande. Ei plante kan ha mykje gnag på seg på eine sida og leve, mens ei anna kan ha lite gnag men vere ringbarka og livstruande skadd.

Når det gjeld høgde og diameter på gjenlevande planter som ikkje er påverka av hjort per hausten 2023 så er gjennomsnittshøgda ca 28 cm for M95, 39 cm for M60 og 40 cm for SA100. Diameter (gjennomsnitt) er 67 mm for M95, 60 mm for langtidslagra M95, 85 mm for M60 og 76 mm for SA100.

Planen er å fortsetje målingane i 2024 og dermed ha tal på status etter 3 vekstsesongar.



NYPLANTING OG SUPPLERINGSPLANTING 2023

KOMMUNE		ANTALL	AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD
4602 - Kinn	NYPLANTING	11 150	60	95 569	62 024
4637 - Hyllestad	NYPLANTING	27 500	124	225 600	99 735
	SUPPLERINGSPLANTING	4 800	33	41 790	29 253
4638 - Høyanger	NYPLANTING	18 000	100	144 000	72 000
	SUPPLERINGSPLANTING	6 000	35	49 800	29 880
4639 - Vik	NYPLANTING	21 150	89	180 055	92 196
4640 - Sogndal	NYPLANTING	48 500	208	383 290	182 256
	SUPPLERINGSPLANTING	500	13	3 500	2 100
4644 - Luster	NYPLANTING	33 825	177	282 270	192 439
	SUPPLERINGSPLANTING	500	4	3 550	2 840
4645 - Askvoll	NYPLANTING	14 500	96	114 375	67 800
	SUPPLERINGSPLANTING	7 300	105	65 290	50 631
4646 - Fjaler	NYPLANTING	106 000	499	861 245	428 098
4647 - Sunnfjord	NYPLANTING	192 410	775	1 530 858	776 950
	SUPPLERINGSPLANTING	25 735	178	210 310	168 248
4649 - Stad	NYPLANTING	60 635	263	496 674	251 748
	SUPPLERINGSPLANTING	4 500	54	40 350	32 280
4650 - Gloppen	NYPLANTING	46 700	193	385 535	196 815
	SUPPLERINGSPLANTING	300	4	2 250	1 800
4651 - Stryn	NYPLANTING	24 500	94	198 750	101 600
	SUPPLERINGSPLANTING	2 200	23	19 800	7 920

UNGSKOGPLEIE 2023

KOMMUNE		AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD
4637 - Hyllestad	UNGSKOGPLEIE	16	33 500	16 750
4640 - Sogndal	UNGSKOGPLEIE	86	66 900	46 830
4643 - Årdal	UNGSKOGPLEIE	6	4 200	2 940
4644 - Luster	UNGSKOGPLEIE	51	40 510	28 357
4647 - Sunnfjord	UNGSKOGPLEIE	76	52 400	26 200
4649 - Stad	UNGSKOGPLEIE	15	27 650	13 825
4650 - Gloppen	UNGSKOGPLEIE	20	17 000	8 500
4651 - Stryn	UNGSKOGPLEIE	43	14 380	7 190

ANDRE SKOGKULTURTILTAK 2023

KOMMUNE		ANTALL	AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD
4640 - Sogndal	MARKBEREDNING		600	358 620	179 310
4647 - Sunnfjord	FLATERYDDING		4	2 100	1 050
4647 - Sunnfjord	ETABLJULETREP.OD.	3 520	6	79 663	
4651 - Stryn	MARKBEREDNING		11	10 275	4 110

DRIFT I VANSKELEG TERRENG 2023

Kommune	Driftskostnader	Utbetalt tilskot	Areal (dekar)	Kvantum (m ³)	Løyvd i 2023
Gulen	123 400	90 720	20	710	79 200
Vik	304 350	117 920	13	747	362 880
Sogndal	4 542 179	1 864 840	297	9 832	1 036 000
Sunnfjord	3 278 487	1 785 448	120	7 452	
Stad	3 628 761	1 561 560	178	7 562	456 000
Totalsum	11 877 177	5 420 488	628	26 303	1 934 080

LØYVINGAR TIL SKOGSVEGAR OG FERDIGGODKJENDTE I SOGN OG FJORDANE 2023

LØYVINGAR TIL SKOGSVEGAR OG FERDIGGODKJENDTE I SOGN OG FJORDANE 2023

							TOTALT			NYANLEGG			OMBYGGING			
	VEGNAMN	VEG- KLASSE		TAL INTERESSENTAR	LØYVING 2023	UTBETALT 2023	KOSTNAD (KR)	TILSKOT (KR)	BRUER (TAL)	LENGDE (M)	KOSTNAD (KR)	TILSKOT (KR)	LENGDE (KR)	KOSTNAD (KR)	TILSKOT (KR)	GOD- KJEND
HYLLESTAD	HJORTEHAUGANEVEGEN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	69 585	0										
HYLLESTAD	ÅSVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	2	110 000	110 000	222 260	110 000					100	222 260	110 000	*
VIK	ØYASETEVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	12	0	390 000										
SOGNDAL	HUSALEITEVEGEN 2		UTGÅTT ARBEIDSFRIST - LØYVING OMFORDELT		-45 000	0										
SOGNDAL	PÅFUNNVEGEN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	2	52 000	100 000	547 000	100 000		660	547 000	100 000				*
SOGNDAL	ØYGARDSVEGEN		UTGÅTT ARBEIDSFRIST - LØYVING OMFORDELT		-96 000	0										
LÆRDAL	LINKEN		UTGÅTT ARBEIDSFRIST - LØYVING OMFORDELT		-113 400	0										
ÅRDAL	STØLSVEGEN/FORNABO	8	LETT TRAKTORVEG	1	64 800	64 800	180 000	64 800		650	180 000	64 800				*
LUSTER	SPILDERFOSSVEGEN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	0	24 134										
LUSTER	GARDSHAUGVEGEN	5	SKOGSBILVEG U/HENGAR	1	261 120	367 608										
LUSTER	RUSTANEVEGEN	5	SKOGSBILVEG U/HENGAR	1	221 850	221 850	581 701	221 850		624	581 701	221 850				*
ASKVOLL	LANDBRUKSVEG 206/1, KL7	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	30 000	0										
ASKVOLL	LØVIKERIMMAVEGEN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	65 400	0										
FJALER	DYRKINGSVEG PÅ LØSET		UTGÅTT ARBEIDSFRIST - LØYVING OMFORDELT		-36 000	0										
FJALER	BASLIVEGEN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	0	53 405										
FJALER	DYTTINGVEGEN, PARSELL 2 (LIAV)	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	0	125 100	475 526	125 100		558	475 526	125 100				*
FJALER	NIPA	3	HEILÅRS SKOGSBILVEG	2	0	42 600										
FJALER	STOREHAUGVEGEN		UTGÅTT ARBEIDSFRIST - LØYVING OMFORDELT		-170 000	0										
FJALER	STORFUREKAMVEGEN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	540 000	147 000										
FJALER	BEITEVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	126 000	126 000	250 000	126 000					213	250 000	126 000	*
FJALER	RAKNEBERGVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	140 000	0										
FJALER	BEITEVEGEN 2	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	14 415	14 415	24 025	14 415					196	24 025	14 415	*
SUNNFJORD	BLÅBÆRHAUGVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	0	117 964										
SUNNFJORD	RIMMAVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	4	195 000	298 000	2 041 475	1 195 000		1 500	2 041 475	1 195 000				*
SUNNFJORD	RÅHEIMSVEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	4	0	88 837	392 377	262 640		554	392 377	262 640				*
SUNNFJORD	FØLLINGSVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	2	0	402 489										
SUNNFJORD	HØGELIVEGEN 2	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	92 000	82 800										
SUNNFJORD	ÅRØYDALSVEN 1	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	2	1 103 232	0										
SUNNFJORD	LANGEMYRVEGEN-OPPSTILLINGSPLAS	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	37 800	37 800	84 000	37 800		107	84 000	37 800				*
SUNNFJORD	TEIGARABBVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	240 000	0										
BREMANGER	FURUNESVEGEN		UTGÅTT ARBEIDSFRIST - LØYVING OMFORDELT		-135 000	0										
BREMANGER	BØGARDSVEGEN		UTGÅTT ARBEIDSFRIST - LØYVING OMFORDELT		-71 200	0										
BREMANGER	FLATEBRUVEGEN		UTGÅTT ARBEIDSFRIST - LØYVING OMFORDELT		-178 800	0										
BREMANGER	ÅSEHJELLVEGEN 2	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	4	30 000	30 000	64 314	30 000		149	64 314	30 000				*
STAD	SØRSIDEVEGEN I EID - DEL 1	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	17	466 790	638 006										
STAD	NAUSAVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	6	0	437 400										
Stryn	Skarsmyrvgen	3	HEILÅRS SKOGSBILVEG	4	0	140 000	200 001	140 000		253	200 001	140 000				*
Stryn	Teinevegen	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	6	69 191	69 699	292 479	204 735					1 785	292 479	204 735	*
Stryn	Nylendevegen		utgått arbeidsfrist - løyving omfordelt		-300 000	0										
Stryn	Bjørneskorvegen	5	SKOGSBILVEG U/HENGR	3	297 446	647 446	1 918 650	647 446		606	1 918 650	647 446				*
Stryn	Skogsbilveg Plassen	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	56 862	176 862	294 770	176 862					100	294 770	176 862	*
Stryn	Lunneplass Robjørgane	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	85 692	295 692	492 820	295 692		50	492 820	295 692				*
Stryn	Sætrelovkevegen	3	HEILÅRS SKOGSBILVEG	2	60 000	60 000	132 627	60 000		25	40 000	18 096	446	92 627	41 904	*
				91	3 283 783	5 309 907	8 194 025	3 812 340	0	5 736	7 017 864	3 138 424	2 840	1 176 161	673 916	17
								av dette bilvegar		3 612	5 667 024	2 780 724	2 840	1 176 161	673 916	

ÅRSMELDING 2023 - SKOGBRUKET I SOGN

Skog i Sogn er ei fast ordning for alle dei 7 kommunane (Luster, Sogndal, Vik, Høyanger, Årdal, Lærdal og Aurland) i Sogn region, eit interkommunalt samarbeid. Ressursar til ei fagleg god forvaltning vert kopla med ressursar til nærings- og utviklingsarbeid innafor skogbruket, og ein har fått samla det skogfaglege miljøet i regionen på tre stillingar (2,6 årsverk). Det har vore endringar i samarbeidet i 2023 då Hauk Amundsen Øren slutta, og det har såleis vore eit krevjande år og oppgåvene i desse kommunane har vore delt, inntil Per Morten Fosse vart tilsett med ansvar for Høyanger og Vik kommunar. Finn Olav Myhren har ansvar for Sogndal og arbeider i tillegg med viltforvaltninga her.

Arne Kristian Borger har ansvar for Luster, Årdal, Lærdal og Aurland (0,6 årsverk)

Skog i Sogn har og nært samarbeid med Skogselskapet i Sogn og Fjordane og At-skog som har vore den dominerande tømmerkjøparen i distrikta våre.

SKOGSDRIFT

Statistikken for avvirking viser at det blei omsett 37.049 m³ (47.822 i 2022) av bartrevirke. Av dette var 20.471 m³ gran (34.834) og 16.082 m³ furu (12.988). Furu er hogd på Kaupanger og i Balestrand

Fyrstehandsverdien på alt virke er omlag kr. 19,4 millioner. Godt over halvparten av kvantumet (22.568 m³) er blitt hogd i Sogndal kommune.

Det er utbetalt driftstilskot til i alt 7 skogeigarar (11) for ferdige taubanedrifter, og desse driftene har produsert 10.579 m³ tømmer. Summen av driftstilskot er på kr 1.982.760

SKOGKULTUR

31 skogeigarar (30) har hatt aktivitet med skogkultur i Vik, Luster, Sogndal, Årdal og Høyanger. Det er innan tilskotsforvaltninga gjeve tilskot på til saman 121.475 stk. granplanter (275.680 stk.). Plantinga i heile Skog i Sogn sin region svarar til 574 daa (1132 daa) med plantemark. Det er i tillegg sett ut 7000 stk. gran (2300) som suppleringsplanting.

Det har vore utført ungskogpleie på 143 daa (8daa). Det er utført markriving/markberedning for naturleg forynging av furu på heile 600 daa. Alt er furumark på Kaupanger.

OVERSIKT OVER SKOGVEGPROSJEKTA FERDIGGODKJENT 2023:

VEGNAMN	LENGDE OMB. m	LENGDE, NY. m	KOSTNAD, KR	STATSTILSKOT KR
Rustanevegen, Luster	0	624	581.701	221.850
Påfunnvegen, Sogndal	0	660	547.000	100.000
Fornabovegen, Årdal		277	180.000	64.800
Totalt	0	1561	1.308.701	386.650

SKOGSVEGBYGGING

Det har dei siste åra vært stor aktivitet på skogsvegbygging.

Og mange skogsvegprosjekt er framleis under bygging. I 2023 er det betalt ut kr. 771.742 (kr. 437.945) i tilskot til tre av skogsveganlegga som er under bygging. To av desse er i Luster kommune. Elles er dei ferdiggodkjende anlegga i tabellen under.

RESULTATKONTROLL OG FORYNGINGSKONTROLL

Det har vore trekt ut 6 felt for resultatkontroll.

Når det gjeld drifter over 250 m³ der det ikkje er registrert planting innan tre år, skal kommunen følgje opp dette med ein foryngingskontroll. 5 skogeigarar har stått på denne lista i 2023 men er ikkje følgd opp.

KURS, FAG- OG SKOGDAGAR

Det har vore arrangert i alt 8 (6) motorsagkurs fordelt på Gaupne i Luster og Sogndal.

Skog i Sogn har elles vore mindre aktive på arrangementsfronten i 2023 men har vore til stades og gjeve informasjon og eller tilrettelagt ved familieskogdag på Hafslo, stubbekonsert på Kaupanger, skogdag om markriving på Kaupanger og skogdag i Feios. Aktivitet er elles knytt opp til FB sida Skog i Sogn

Gaupne 19.02.2024

*Arne Kristian Borger
Per Morten Fosse
Finn Olav Myhren*



Superbonitet på Hafslo. Foto: Arne Kristian Borger.

ÅRSMELDING 2023 - SKOGBRUKET I GLOPPEN

AVVERKING

Det vart avverka 17 395 m³ totalt i Gloppen i 2023 med ein samla verdi på 9,2 mill kr. Dette er ei auke på om lag 6000 m³ frå året før. Sagtømmerandelen var 74 %. Gran utgjorde 85 % av det som vart avverka. Det var i tillegg avverka 107 m³ med ved til brensel.

Gjennomsnittleg skogfondstrekk var på 9,7 %.

Skogkultur

I 2023 var det nyplanta på 193 dekar og suppleringsplanta på 4 dekar. Totalt var det gjennomført ungskogpleie på 20 dekar. Totalt 13 skogeigarar fekk tilskot.

Skogsvegar

Kommunen har handsama nokre mindre vegprosjekt. I 2023 vart det også handsama eit stort felles vegprosjekt som femner 18 skogeigarar.

Anna aktivitet

Kommunen har eit særst godt samarbeid med Sogn og Fjordane skogselskap som er ein viktig aktør på kompetansehevingssida. Gloppen kommune legg stor vekt på å legge til rette for kompetanseheving i skognæringa og skogselskapet er ein viktig del av dette med å stille med fagkompetanse og opplæring. Frå kommunen si side er det eit kontinuerleg arbeid for å få planta til att avverka areal, men også for å få auka del areal der det vert gjennomført ungskogpleie. Gloppen og Stad landbrukskontor som representerer både Gloppen og Stad kommune har blitt deltakarar i Skogselskapet sitt JOB:U-prosjekt for 2024 der målet er å syne fram skogbruket som nærings- og karriereveg for ungdomar.

Vegplanleggarane i skogselskapet er særst viktige både for skogeigarane som treng hjelp til å planlegge skogsvegar, men og for kommunane gjennom eit tett samarbeid for å følgje opp prosjekt under planlegging og bygging.

Faglege arrangement er viktig for å auke interessa for å forvalte skogen og for å auke kompetansen blant skogeigarane slik at dei kan forvalte skogen på best mogleg måte. I Gloppen kommune har det i 2023 vore gjennomført kappedag, motorsagkurs, ungskogpleiedag, plantedag og skogkveld for damer. Gloppen kommune har også motorsagkurs for ungdom i samarbeid med Gloppen ungdomsskule der elevar kan få ta kurset i skuletida. Kommunen har også eit eige nyheitsbrev frå landbrukskontoret der vi legg vekt på å ha med skogrelevant stoff.

Oppsummering

Med høge prisar for tømmer, aukar interessa for skog og skogbruk. Landbrukskontoret opplever aukande interesse for skog med fleire spørsmål og interesse for kurs. Det er stor trong for auka kunnskap og kommunen er avhengig av eit godt samarbeid med andre aktørar for å kunne auke bevisstheita rundt skog, skogsvegplanlegging og god skogskjøtsel. Kommunen meiner det er viktig at Sogn og Fjordane skogselskap held fram med den gode aktiviteten med kompetanseheving og å vere ein ideell aktør for å fremje skogbruket i samarbeid med kommunane.

Sandane, februar 2024

*Karoline Bjerkeset, landbruksrådgjevar,
landbrukskontoret i Gloppen og Stad.
Lindis Østgård, utmarksforvaltar, landbrukskontoret
i Gloppen og Stad*



Synfaring på skogsvegtrase. Foto Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

ÅRSMELDING 2023 - SKOGBRUKET I STAD

AVVERKING

I Stad kommune vart det avverka 22 280 m³ med ein samla verdi på 11,4 mill. kr. Dette er ei auke på om lag 5000 m³. Sagtømmer utgjorde 65 %. Gran utgjorde 85 % av det som vart avverka. Vidare vart det avverka 2451 m³ ved til brensel. Taubane vart nytta til å avverke 7562 m³ på 178 daa. Dette er berre drifter der søknad og utbetaling av tilskot er ferdigstilte.

SKOGKULTUR

I løpet av 2023 vart det nyplanta på 263 dekar og suppleringsplanta på 54 dekar. Det var utført ungskogpleie på 17 dekar. Totalt 18 skogeigarar fekk tilskot.

SKOGSVEGAR

Kommunen har handsama to søknadar om felles skogsvegar som til saman femner 9 skogeigarar. Kommunen har følgd opp pågåande vegprosjekt då det er sett i gang mange skogsvegprosjekt tidlegare år.

ANNA AKTIVITET

Kommunen har eit særst godt samarbeid med Sogn og Fjordane skogselskap som er ein viktig aktør på kompetansehevingssida. Stad kommune legg stor vekt på å legge til rette for kompetanseheving i skognæringa og skogselskapet er ein viktig del av dette med å stille med fagkompetanse og opplæring. Frå kommunen si side er det eit kontinuerleg arbeid for å få planta til att avverka areal, men også for å få auka del areal der det vert gjennomført ungskogpleie. Gloppen og Stad landbrukskontor som representerer både Gloppen og Stad kommune har blitt deltakarar i Skogselskapet sitt JOB:U-prosjekt for 2024 der målet er å syne fram skogbruket som nærings- og karriereveg for ungdomar.

Vegplanleggarane i skogselskapet er særst viktige både for skogeigarane som treng hjelp til å planlegge

skogsvegar, men og for kommunane gjennom eit tett samarbeid for å følgje opp prosjekt under planlegging og bygging.

Faglege arrangement er viktig for å auke interessa for å forvalte skogen og for å auke kompetansen blant skogeigarane slik at dei kan forvalte skogen på best mogleg måte. I Stad kommune har det i 2023 vore gjennomført kappedag, ungskogpleiedag, plantedag og skogkveld for nye og gamle skogeigarar. Kommunen har også eit eige nyheitsbrev frå landbrukskontoret der vi legg vekt på å ha med skogrelevant stoff.

I 2023 vart skogtakstprosjektet i Stad kommune avslutta og skogeigarane har fått utsendt sine skogplanar. Statsforvaltaren i Vestland har hatt eit prosjekt med utarbeiding av fellesplanar for utvalde område i kommunen der kommunen og Skogselskapet har vore med i prosjektarbeidet. Dette prosjektet held fram i 2024.

OPPSUMMERING

Interessa for skog og skogbruk aukar når prisane er gode. Vidare opplever vi at det er viktig at skog og skogbruk er framme i nyheitsbiletet når det gjeld klima for også å auke interessa. Det er stor trong for auka kunnskap og kommunen er avhengig av eit godt samarbeid med andre aktørar for å kunne auke bevisstheita rundt skog, skogsvegplanlegging og god skogskjøtsel. Kommunen meiner det er viktig at Sogn og Fjordane skogselskap held fram med den gode aktiviteten med kompetanseheving og å vere ein ideell aktør for å fremje skogbruket i samarbeid med kommunane.

*Karoline Bjerkeset, landbruksrådgjevar,
landbrukskontoret i Gloppen og Stad.
Lindis Østgård, utmarksforvaltar, landbrukskontoret
i Gloppen og Stad*



Kurskveld for nye (og gamle) skogeigaar. Foto: Karoline Bjerkeseth, Stad kommune.

ÅRSMELDING 2023 - SKOGBRUKET I SUNNFJORD KOMMUNE

SKOGKULTUR

Aktiviteten på skogkulturområdet er høg i Sunnfjord kommune. Vi opplever å ha teke att mykje av etterslepet (manglande forynging) frå tidlegare år.

49 skogeigarar har utført/fått utført skogkulturarbeid i 2023.

- Nyplanting, 192 410 planter, 775 daa.
- Suppleringsplanting, 25 735 planter, 178 daa.
- Etablering av juletreproduksjon 3 520 planter, 6 daa.
- Ungskogpleie, rydding og avstandsregulering i plantefelt 76 daa.
- Flaterydding/tilrettelegging av foryngingsfelt 4 daa.

Totale kostnader/investeringar i skogkultur kr 1 875 331. Samla utbetalt tilskot kr 972 448 (NMSK kr 759 564 og tettare planting kr 212 884)

SKOGSDRIFT

Hogstaktiviteten vart rekordhøg i 2023.

Det er levert 76 804 m³ tømmer. Treslagsfordelinga er 75 588 m³ gran og 889 m³ furu. Ved til brensel er oppgjeve til 327 m³. Gjennomsnittspris for gran kr 502/m³, og for furu kr 496/m³. Virke til produksjon av ved kr 300/ m³. Samla bruttoverdi er på kr 38 519 829 Rapportert sal av juletre 2 018 stk.

Det er løyvd og utbetalt kr 1 785 448 i tilskot (7 452 m³) til drift i vanskeleg terreng. Fire drifter med tung taubane og 3 drifter med lett traktormontert slepebane.

SKOGSVEGAR

Avslutta skogsvegprosjekt i 2023.

Med tilskot:

- Rimmavegen, 2 parsellar 1 500 m, Kostnad 2 041 175, vegklasse 4. Utbetalt tilskot kr 1 195 000.
- Råheimsvegen 554 m vegklasse 4. Kostnad 392 377. Utbetalt tilskot kr 262 640.
- Langemyrvegen-oppstillingsplass for taubane (50 m veg +standplass) vegklasse 7 (bilvegline avvik frå klasse). Kostnad 84 000. Utbetalt tilskot kr 37 800.

Utan tilskot:

- Skjoldplassen, 277 m, ombygging vegklasse 7.
- Skjoldplassen parsell 2, 375 m, vegklasse 7.
- Klettabergetvegen, 110 m, vegklasse 7.
- Øyskaret (Tverrlivegen 0029), 90 m vegklasse 8.
- Rimmavegen-Karstad, 520 m vegklasse 8.

BYGGESØKNADER

Det er søkt om og gjeve byggeløyve til 12 veganlegg i 2023.

- 1 nyanlegg i klasse 8 med samla lengde 160 meter.
- 2 veganlegg ombygging klasse 8 samla lengde 1148
- 3 nyanlegg vegklasse 7 med samla lengde 1022 meter
- 5 vegar ombygging til klasse 7 med samla lengde 1429 meter.
- 1 nyanlegg vegklasse 4 med samla lengde 1620 meter.
- 2 veganlegg ombygging til bilveg klasse 4 samla lengde 550 meter.

SKOGSKADER

Det er også i 2023 observert/kartlagt, og motteke meldingar om skader av snutebille, tørre planter og beiteskader på plantefelt. Avgangen i mange plantefelt er framleis alt for stor. Andre skader av omfang på skog er ikkje observert eller meldt.

KURS/ARRANGEMENT

- Skogdag på Mo ((Baubrekka) 08 mars, 25 deltakarar. Tema var kapping av tømmer, informasjon om hogst, prisar tømmermarknad, tilskot og skogfond.
- Kurs i bruk og stell av motorsag for ungdoms-skuleelevar/ungdomar 05-07 juni, 11 deltakarar (i regi av Gaular bondelag).
- PEFC-kurs (Hallen på Mo.) 25 oktober, 11 deltakarar.
- Skogkveld i Førde (Hallen på Mo) 06 desember, 20 deltakarar. Tema var skogfond, skogøkonomi/ skatt, i lys av hogst og andre tiltak i skogen

SKOGFOND

Innestående skogfond pr. 31.12.2023: kr 12 418 950.

*Februar 2024
Oddbjørn Sellevoll
Henning Malones*

ÅRSMELDINGA 2023 - SKOG I KINN KOMMUNE

AVVERKING

- 1.255 m³ industrivirke gran. Pris per m³ kr 426,-
- 54 m³ industrivirke av furu. Pris per m³ kr 367,-
- Samla verdi kr 554.743,-

SKOGKULTUR

- Nyplanting 11.150 granplanter på 60 daa – kostnad kr 95.569,- kr 44.304,- i NMSK tilskot

SKOGDAG PÅ VÅGSBERGET 27.NOVEMBER

Tema
Hogst og kappereglement ved eigenhogst
Tilskotsordningar i skogbruket og skogfond
Litt om ny PEFC standard

ÅRSMELDING 2023 - BREMANGER KOMMUNE 2023

HOGST

Hogstaktiviteten har vore låg i Bremanger kommune 2023. Det blei levert 54 m³ gjennom skogavgiftssystemet i kommunen.

SKOGKULTUR

Det er ikkje registrert skogkultur i 2023

HJORTEJAKT

Det blei felt 963 hjort i 2023. Uttaket av kalv var på 36 %, ungdom 26 %, bukk 12 % og kolle 26 %. Dette er eit for lite uttak av yngre dyr til å oppretthalde ein hjortebestand med naturlig alderssamansetjing.

19.2.2024

Bjørn Henry Marthinussen
Fagkonsulent skog og utmark

ÅRSMELDING 2023 - STRYN KOMMUNE 2023

AVVERKING

Totalt: 27 458 m³, og ein verdi på kr. 15 244 277.
21 876 m³ sagtømmer. Verdi kr. 13 267 320. (kr. 606 per m³).
5 517 m³ massevirke. Verdi kr. 1 940 128. (kr. 352 per m³).

VEG

Ein skogsbilveg blei handsama og vedteken i 2023.
Tre skogsbilveggar og ein lunneplass blei ferdigstilt.

PLANTING

24 500 stk. nyplanting.
2 200 stk. Supplering.
Totalt planta 26 700 granplanter.

KURS/ARRANGEMENT

Skogdag 6januar.
PEFC kurs 20januar og 15. februar i Innvik.
Arrangert skogkveld i Innvik - 22.mars
Motorsagkurs. 17 og 18 april

25.1.2024

Sigbjørn Rolandsen
Fagkonsulent skogbruk

SKOGMEISTER AUDUN OKLEVIK

Tidlegare skogmeister i Luster kommune, Audun Oklevik døydde 24. oktober 2023, på Hafslø omsorgssenter, 92 år gammal.

Han var skogmeister i Luster i over 30 år og byrja i stillinga rundt 1960, etter å ha hatt nokre korte engasjement i Nordfjord og Sogndal. Oklevik har vore ein viktig person for å bygge opp skogbruket i Luster kommune. Sjølv trefte eg han i nokre skogfaglege samanhengar, då han var pensjonist, mellom anna under ein skogdag i 2011 som Luster kommune var med på å arrangere i samband med hogst på skogeigedomen han eigde på Hafslø. Eg hugsar at han fekk spørsmål om ikkje noko av skogen som då vart hogd kunne ha stått lenger. Han hadde svar på spørsmålet utan eg skal gå innpå kva han svarte her. Sonen Ove Oklevik kan fortelje at faren hadde første-gongstenesta i Forsvaret sin sanitet, og fekk på starten av 50-talet og eit halvt år i Tysklandsbrigaden i Schleswig-Holstein før han gjekk to år på jordbruksskolen i Lyngdal, og vart agronom. Etter dette gjekk han vidare på Statens skogskule i Steinkjer i to år.

Audun Oklevik står truleg for planting av skog på eit areal som utgjer 17 000 daa i kommunen. Veldig mange av skogsvegane i kommunen, var det Oklevik som var initiativtakar og pådrivar for å få bygd. Han var flink til å få skogeigarar til å einast om dei ulike vegprosjekta seier sonen vidare. På den måten kom han i kontakt med, og vart kjend med, mange gardbrukarar rundt om i heile kommunen. Han likte betre å vere ute i felt og i kontakt med skogeigarar enn å vere på kontoret, og han arrangerte mange skogdagar i kommunen, ofte på sin eigen gard i Okleviki på Hafslø. Dette kan og dåverande heradskogmeister i indre Sogn i 1984, Merete Larsmon vere samd i. Ho kan fortelje at Oklevik var ein av fire skogreisingsleiarar i distriktet, og ho vart teke imot på ein veldig fin måte då ho sjølv starta opp. «Audun Oklevik hadde sjølv mønsterskog, dessutan interesse for juletre dyrking med egne felt». Interessa for juletre dyrking hadde og Larsmon, dermed var kontakten ytterlegare styrka i samarbeidet. «Arbeidsinstruksen til skogreisingsleiarane var å gjere alt for å finne areal for planting, mellom anna for å sikre fiber til industrien. Oklevik var en bauta generelt i dette arbeidet og for å teste myr som skogproduksjonsmark». Det siste er ein gått vekk frå. Etterkrigstida var å bygge landet, og skogproduksjon på Vestlandet var ein del av dette. Borregaard industrier i Sarpsborg gav mellom anna gunstige lån til skogeigarane for å plante. I dag ser vi resultatene av dette arbeidet og sjølv om marknaden for fiber og cellulose har endra seg viste den etter kvart foredla vestlandsgrana veldig gode eigenskapar som konstruksjonsvirke. Larsmon kan elles fortelje at ho tok med seg det nye boniteringssystemet som var kome, til Sogn etter utdanninga og ho hadde

kurs i Ofredal i Årdal der Oklevik m. fl. skulle bytte ut låg – middels – høg bonitet som då hadde vore var det rådane boniteringssystemet. Einar Hamre som hadde tilsvarende funksjon som Audun Oklevik i Sogndal, skogreisingsleiar, hugsar Oklevik som ein lun og avbalansert person som var flink til å få folk med seg. Hamre fekk elles ansvaret for kaffien på skogdagane i Okleviki.

Gjert Heiberg som tok over etter Larsmon i 1985, som heradskogmeister, skriv at Oklevik var dagleg leiar for ein fast gjeng som utførte planting og skogrydding på vegne av skogeigarar. «Han kunne og ta på seg skogrydding i samband med kraftutbygging og då gjekk forteneisten til Luster kommune». Oklevik arbeidet svært sjølvstendig og satt aldri på landbrukskontoret fortel Heiberg. «Eg var mykje saman med Oklevik under vegplanlegging og vegstikking og minnast han mellom anna som uavhengig og fantasifull og morosam å arbeide saman med». Ove Oklevik nemner og at faren hadde eit godt forhold til dei han var arbeidsgjevar for, vennskap som har halde livet ut. Til dømes Knut Nybø som framleis bur i Gaupne og Leif Kvam som gjekk bort 14 dagar før faren. Samt entreprenørane han nytta til å få bygd skogsvegane i kommunen. Han hadde meir med desse å gjere enn andre tilsette i kommunen.

Audun Oklevik har sett spor etter seg innan skogbruket i Luster kommune og i distriktet. Han var ein del av arven etter Barthold Vonen frå 1920-30 -talet der retninga var å gje gardbrukaren fleire bein å stå på og forsyne industri og sagbruk med norsk virke. I dag er den norske grana frå Vestlandet etterspurt.

Skogbruket og mange skoginteresserte i distriktet er takknemlege for det store og viktige arbeidet han administrerte og la ned for skogsaka i indre Sogn.

Arne Kristian Borger
skogrådgjevar Luster kommune





Ruben og politikarane frå Vossamøte 28.8.2023



Torleif Skage og Torkel Hofseth om den historiske plantestatistikken

KJØP SKOGSUTSTYR HOS FAGFOLK!

KONTAKT OSS I DAG FOR GODE TILBUD!



Fendt 314



Farma tømmerhogger



Dalen vedmaskin




Husqvarna motorsager



Eiksenteret Førde

Øyrane 5, 6800 Førde – Tlf. 57 83 43 83





Kongelsanking med skuleklasse på Kaupanger



Skuleskogdag med Fresvik Enspire



Subbekonsert i Sogndal

EIKÅS SKOGSDRIFT



Mange års
erfaring
i vestland-
skogen!

VI TAR PÅ OSS:

- Hogst
- Framkøyring til bilveg
- Markberedning

EIKÅS SKOGSDRIFT A.S

Bordvegen 5, 6854 Kaupanger • tlf. 976 48 482 • jarle@eikaas-skogsdrift.no



Familieskogdag Hafslø 4. februar



Skogdag om skogkultur

Takk for 2023

til alle skogeigarar, entreprenørar og transportørar vi har samarbeidd med

Dette har vi oppnådd i 2023:

Etablert avdeling for Hordaland / Rogaland

Omsett 147.000m³ tømmer

Planta 300.000 planter

Saman skaper vi lokale verdier av skogen



Fjordtømmer

T. FRIVIK

Taubanedrift AS



- Vi tar skogsdrifter med taubaner over heile landet.
- Vi driver nå med 4 tilhengermonterte baner.
En stor gravemaskin til hver bane som kvister og kapper.
- Vi har base på Kyrkjebø, og er forhandler for Wyssen Seilbahnen og Ecoforest.



Ecoforest

T. Frivik Taubanedrift AS ble etablert i 2004 og er nå den ledende aktøren i Norge på uttak av tømmer i bratt terreng samt montering/demontering av rørgater i bratt terreng. Vi påtar oss alle typer oppdrag innen for skogsdrift, materialtransport og anleggsvirksomhet. Vi har investert tungt i en maskinpark som gjør oss i stand til å dekke de fleste typer oppdrag med egne maskiner. Der hvor det er behov for spesielle maskiner, har vi et godt internasjonalt nettverk som gjør at vi kan leie inn spesialisert utstyr etter behov. Maskinparken består av 4 KMS tilhengermonterte kraner, 4 Doosan gravemaskiner med Woody 60 aggregat, Woodliner selvgående løpekatt i tillegg til det vanlige utvalget traktorer og tømmerhengere. Blant våre ansatte finner du alt fra skogsarbeidere til mekanikere, noe som sikrer svært høy driftssikkerhet og gjør at vi kan påta oss de aller fleste typer oppdrag.

